

Hammerseng (gnr. 53)

Hamarseng: Namn der 1. leden er gardnamnet Hamar, Uttalen av namnet i bygdemålet var før Hamarseng, seinare Hammerseng.

Det eldste ein finn gardsbruket Hamarseng i skrivne kjelder, er i Stiftsboka av 1574-77. Av landskylda på garden låg da 2 skinn til Fåberg hovudkyrkje og 3 skinn til Lillehammer annekskyrkje. Gardnamnet er alt i Stiftsboka skrivne Hammerseng, og denne skrivemåten kan tyde på at det her nemnde jordegods i lengere tid hadde vore kyrkjegods. Av ein merknad i Akershus lensrekneskap for 1611-12 går det fram at Johannes Quarud da brukte ½ Hammers kirkegods. Og dessutan sjølv hadde ½ hud bondegods ”udi HammersEng”. Tre år seinare svara Johannes Quarud si 3-års halding av denne bygsla med ein ½ rd. – I 1627 er Johannes kalla Johannes Hammerseng, og det er tydelig fortalt at landskylda han betalde til Fåberg-kyrkja var 2 skinn, men til Lillehammer-kyrkja 4 skinn, og sjølv åtte han 6 skn., tilsm. 12 eller 12 skinn eller 1 hud. Johannes brukte Hamarseng framleis i 1635. Men i 1657 var det kome ny brukar til gards. Han er kalla Oluff HammersEng, og husdyrhaldet på garden hans var da: 2 hopper, 12 naut, 6 geiter og 16 sauer. I Mannkjønnsmanntalet av 1665 er det vidare fortalt at brukaren Oluf egentlig heitte Oluf Johansen, og at han var 56 år. Elles merker en seg at garden da er ført i gruppa for ”Ødegaarde”, og at den samla landskyld av garden framleis var 1 hud.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. der er det om Hamarseng fortalt at enga, innmarka var god, at det var skog til gards bruk og at det til garden også var ein liten homlehage. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 16 naut, og garden hadde seter og sommarbeite til krøtera på Nysetra. Den samla landskyld til garden var ganske riktig 1 hud, og av dette åtte Oluf Hamarseng sjølv ½ hud, Lillehammerkyrkja åtte 4 skinn og Fåbergkyrkja framleis 2 skinn. – Av ”Rolle ofuer Cappitein Georg Rechweins Compagnie 1670” går det fram at Hamarseng hørde med i 9. legd saman med Dallerud, Flygstad. Breiset og Furu. –

Frå tretten år seinare er det fortalt at Johannes Olsen gav skjøte til sersjant Amund Madsen på ½ hud gods i ”Hammers Eng i Faaberg”. Same sersjant Amund Madsen må elles ha vore ein utomseg og kanskje noko uvøren kar. I 1699 hadde han såleis ei rettssak om ein rugbråte han hadde åvirka seg i Vesterlia på Brøttum, og i 1705 hadde han rettssak mot sersjant Tordsen og oberst Brochenhuus om lausmynt tale. – Fjorten år seinare var det i 1719 sonen Peder Amundsen som var brukar på Hamarseng, som framleis var kyrkjegods for ½ huds skyld til Fåbergkyrkjene. I Peder Amundsens brukartid kom i 1723 eit nytt matrikkelframlegg med fleire opplysninga om gardane. Der er det om Hamarseng fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten er god. Husdyrhaldet på Hamarseng var da 2 hopper, 1 føl, 13 naut og 15 småkrøter, og den årlege utsæden var 4½ td. bygg og litt rug. Det er vidare opplyst at Peder Amundsen sjølv åtte jordgods til 6 skn. i garden, og at Hamarseng gard hadde eiga kvern, sikkert i Mesna-elva. – Peder Amundsen var framleis brukar på Hamarseng også i 1745. Han fekk da auksjonsskjøte på dei 6 skinn jordegods som før hadde ligge til Fåbergkyrkjene. Samtidig lånte kjøparen Peder Hamarseng 200 rd. av Fåberg kyrkjekasse mot 5 % årleg rente og 1. pr. pant i grd. Hamarseng. Dessutan er Torgeir Iversen Ersgard oppført som kausjonist. Etter dette skulle garden Hamarseng gå ei framgangsrik tid i møte. – Noe av det nye i Peder Hamarseng si brukartid var at han i 1751 gav bygseddell til Kristen Olsen og kona hans på ”en hans odelsgård Hammerseng til- og underliggende husmandsplads Kalvehagen kaldet beliggende i gardens hjemenger mot årlig husleie 2½rd.” – Peder Amundsen sleit elles med skulda på garden mest heile si brukartid. Dette går fram av eit

skjøte som arvingane gav til nesteldste bror Asbjørn Pedersen- Dette skjøte lyder i ei utskrift av tingboka slik:

”Hammerseng.

Skjøte dat. 14. juni 1756 tgl. 15. juni s.å,

Barn og arvinger efter Peder Amundsen og Brynnild Asbjørnsdtr. Hammerseng i Faaberg, nemlig Peder Pedersen, Marit Pedersdtr. med formynder og Amund Pedersen med kurator vitterliggjør , at da deres foreldre den 5. april 1756 opga sit bo under skifte mellem sine barn, blev gården Hammerseng 1 hud som boets eiendom tatt til indtekt og ansat for 400 rd., men da boet var med så stor gjeld beheftet blev gaarden i et og alt til kreditorernes avbetaling udlagt. Nu har nesteldste bror Asbjørn Pedersen fornøiet enhver kreditor for sit utleg. Så skjøter og selger disse søsken til sin bror Asbjørn Pedersen gaarden Hammerseng 1 hud med alle sine huse, jorder og herligheter, som han skal bruke og bebo som rett aasetesmand og det uten al forbeholdenhet allene fedrenes føderåd reserveret.”

Asbjørn Pedersen f. 1728 som da tok over som brukar på Hamarseng, var gift med Sigrid Kristensdtr. Kirkerud f. 1731, og dei fekk 3 born. Det var: .Eli f. 1755, død 1761, 2. Sigrid f. 1757,g.m. Peder Jørgensen Sorgendal, 3. Berte f. 1758, g.m. enkemannen Amund Torgersen Hov.

Frå Asbjørn Pedersens si brukartid går det elles fram at det da måtte vera fleire busette husmannsplassar til Hamarseng. I året 1775 fekk såleis Lars og Kari ved Hamarseng den 30/5 døypt sonen Nils, og same året fekk og Mikel og Anne, også ved Hamarseng, døypt dotter Lisbeth. –

Men året etter hadde i 1776 dottera Sigrid Asbjørnsdtr. f. 1757 gifta seg med Peder Jørgensen Sorgendal, og i 1781 gav så Asbjørn Pedersen skjøte til svigersonen Peder Jørgensen og hustru Sigrid Asbjørnsdtr. på grd. Hamarseng framleis av skyld 1 hud for kjøpesum 700 rd. + føderåd til foreldra. – Seks år seinare gav i 1787 Peder Jørgensen Hamarseng bygselseddel til Johan Evensen Schiellerudsveen på husmannsplassen Kalvhagen mot årleg leige 3 rd. 1 ort 12 skill. i pengar og 9 mælingar slått i arbeid.

Peder Jørgensen og Sigrid Asbjørnsdtr. Hamarseng, som i 1781 overtok garden, hadde 4 born. Det var: Kristen f. 1777, død 1779, 2. Kristen f. 1780, Jørgen f. 1788, 4. Asbjørn f. 1790. – Av ein eller annan grunn gav merkeleg nok faren Peder Asbjørnsen alt i 1791 bygselseddel til sonen Jørgen f. 1888, men denne bygselseddelen vart i 1798 avlyst. Avlysinga har etter utskrift elles denne ordlyden:

”Hammerseng.

Avlysing dat. 1798, oktbr. 6. Tgl.1798, oktbr. 9. av Peder Jørgensens bygselseddel til Jørgen Pedersen på d.g. av skyld 1 hud dat. 18. mars og tgl. 20 juni 1791 med sådan påtegnig: ”Da min Fader og jeg ere forenet om at min Fader selv for fremtiden tager Gaarden Hamarseng i Brug saa declarerer jeg denne Bygselseddel som ophævet,”

I den tid var og folketellinga av 1801, og det budde da 5 familiar på og ved Hamarseng. Det var:

1. familie: 1. Peder Jørgensen, husbonden, 56 år, 2. Sigrid Asbjørnsdtr., kona hans, 44 år, 3. Jørgen Pedersen, son deres, 13 år, 4. Asbjørn Pedersen, son deres, 11 år, 5. Erik Axelsen, tenestgut, 16 år, 6. Ragnild Halvorsdtr., tenestkvinne, 19 år, 7. Maren Pedersdtr., tenestkvinne, 19 år, 8. Anne Larsdtr., ternestkvinne, 56 år, 9. Siri Michelsdtr., tenestkvinne, 15 år. 2. familie Asbjørn Pedersen, far til husbonden, føderådsmann, 73 år, 2. Sigrid Christensdtr., kona hans, 70 år. 3. familie: Hans Amundsen, husmann med jord, 44 år, 2. Beret Pedersdtr., kona hans, 25 år, 3. Kari, dotter deres, 4 år, 4. Martha, dotter deres, 2 år, 5. Sidsill Alvsdtr., enke, innerst i arbeid, 52 år, 6. Inga Jensdtr., dotter hennes, 13 år. 4. familie:

Even Nielsen, husmann med jord, 56 år, 2. Marit Pedersdtr., kona hans, 81 år, 5. familie: 1. Johan Evensen, husmann med jord, 52 år, 2. Beret Pedersdtr., kona hans, 52 år, 3. Kristen Johansen, son deres, 14 år.

Frå tre år seinare er ei tinglyst semje som i utskrift lyder slik: ”Gunder Syversen Hagehaugen overdrar herved til brug og besiddelse fra 14. april 1804 for 3 år sin plads Hagehaugen til Jørgen Pedersen Hammerseng for årleg avgift 10 rd. tilsm. 30 rd.” Kva det her er lagt i ordet ”besiddelse” er ikkje nærare uttrykt. –

Etter atter 3 år hadde i 1807 Nils Pedersen lånt 299 rd. av Peder Hammerseng og sette da plassen Toppen i Fåberg i pant. – Av 1808 er ei sak som vart påført Peder Hammerseng fordi han i den tid var poståpnar. Saka gjekk ut på at eit oppgjør på 4208 rd. med den Norske Sahlkasse ikkje var rett. Men Peder Hammerseng kunne føre to manns vitne på at ingenting vanta da pengane vart sende.

Hammerseng sag er omtala i 1812. Det vart da tinglyst ei semje mellom Peder Torgersen Holme og Jørgen Pedersen Hammerseng på den eine sida og Erik Smestad på den andre sida om skur ”på Hammersengsaugen”. – Frå inflasjonsåret 1813 er eit overføringsbrev på diverse lausøyre for 1000 rbd. frå faren Peder Hammerseng til sonen Jørgen Pedersen.

Jørgen Pedersen Hammerseng f. 1788 var gift med Johanne Tomasdtr. Glemmestad, og dei hadde 2 born: 1. Peder f. 1817, 2. Thomas f. 1820.

I denne tid kom det handskrivne matrikelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Hamarseng fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 4 hestar og 18 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde ca. 66 tdr. Det er vidare opplyst at det framleis var 3 husmannsplassar til garden.

Jørgen Pedersen Hammerseng hadde tatt over som postbonde etter faren. Men ei mørk natt i 1830 vart han myrda og røva på veigen mellom Storhove og Brunlaug, ei halv mil nordanfor Lillehammer. Mistanken fall på ein der buande ung handelsmann, Martin Pedersen, som nekta, men vart dømt til døden på indisier. Den unge kapellan W. A. Wexels fekk i oppdrag å førebu den dømde til døden, og tilslutt tilstod han alt til presten. Pettersen vart henretta på same staden som ugjerninga vart gjord, og liket vart lagt på steile, men vart etter krav frå bygdefolket tatt ned straks. Han skal elles, etter det sogneprest Gunnensen har opplyst opplyst, visstnok vera den siste mordaren som vart steila her i landet.

Ved skiftet etter den myrda postbonden, Jørgen Hammerseng, vart garden Hamarseng av skyld 11 skinn taksert for 1100 rd., og dødsbuet utgjorde brutto 2203 rd. og netto 2143 rd. arvingane ved skiftet var forutan enka Johanne Thomasdtr. Dei to sønene i ekteskapet: 1. Peder, som da var 13 år, 2. Thomas, som var 10 år. – Enka Johanne Hammerseng gifta seg i 1832 oppatt med Simen Lundgaard, og dei fekk sonen Ole, men han døde ung.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart ”Kostnæskostens Fiskeri” skyldsett saman med Hamarseng, og den justerte skylda på garden vart da sett til 9 skylddalar 13 skilling, og det var da Simen Olsen som brukte Hamarseng.

Eldste sonen Peder Jørgensen f. 1817, som hadde odelsretten kunne dessverre ikkje overta garden og vart i 1836 kjent umyndig. Ved heimelsdokument av 16. novbr. 1850 vart så odelsretten overført til broren Thomas Jørgensen, som i 1854 tok over og vart brukar på Hamarseng.

Thomas Jørgensen Hammerseng f. 1820 var gift med Ingeborg Olsdtr. Kirkerud, og dei fekk i 1854 sonen Jon. – Frå same året som Jon vart fødd, er elles ei forpaktningkontrakt til regnskapsfører Sivertsen på eit stykke jord Ringen kalla. Kontrakta gjaldt for 12 år frå 14. april 1855.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Hamarseng fortalt at det samle jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid utgjorde 252 mål, og av dette var 140 mål jord av 1. klasse.

Samtidig er det vidare fortalt at på sjølve Hamarseng gard var da buskapen: 4 hestar, 17 naut, 18 sauer og 14 geiter, men dertil var det på husmannsplassane ved garden 7 naut og 12 sauer. Ført på same måten var utsæden på sjølve garden Hamarseng: 13½ tdr. korn og 10 tdr. settepoteter og dessutan på husmannsplassane : 3½ tdr. korn og ca. 5 tdr. settepoteter.

Thomas Jørgensen var framleis brukar på Hamarseng i 1874. Det var da ei skyldsettingsforretning der, og plassen Engen vart skyldsett ifrå og fekk ei skyld på 1 ort 2 skill. Samtidig gav så Thomas Hammerseng skjøte til Ole Pedersen Holme på plassen Engen for kjøpesum 100 spd. – Men sju år seinare gav i 1881 Thomas Hammerseng skjøte til sonen Jon Thomassen på ættegarden Hamarseng for kjøpesum kr. 6 000- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 2 000,-.

Jon Thomassen Hammerseng, f. 1854, som i 1882 tok over garden, var gift med Marie Simensdr. Jørstad, f. 1848 og dei fekk i tidsrommet 1882-90 desse borna: 1. Ingeborg f. 1882, 2. Ingvald f. 1883, 3. Inger f. 1885, 4. Thora f. 1887, 5. Sigmund f. 1890. Det er i 1885 oppgitt at faren Jon Hammerseng da var gardbrukar og fogdfullmektig

År 1886 kom endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gardsnr. og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – Hamarseng i Fåberg fekk da gardsnr. 52 av samla skyld 16,36 mark, og det var da 2 bruksnr. under gr.nr, 53. Det var: a. Gr.nr. 53, br.nr. 1 Hammerseng av skyld 16,00 mark, b. gr.nr. 53, br.nr. 2 Engen av skyld 0,36 mark. Jon Thomassen var da framleis brukar av Hamarseng og Ole Pedersen Holme av Engen.

Frå 1893 er ei kontrakt mellom Jon Hammerseng og Lillehammer Brænderi og Bryggeri om leige av byggegrunn mot årleg avgift kr. 500,-, av fire år seinare er ei tinglyst semje mellom Even Homb på Suttestad og Jon Hammerseng slik at ei gamal plikt som låg til grd.

Hamarseng til å stelle og røkte krøtera på grd. Nyhus da vart oppheva mot ei godtgjørsle av kr. 600,-.

Frå år 1900 vart etterkvart ei heil mengd av parsellar fråskilt hovudbruket og selde. I 1902, 05 og 06 kjøpte såleis Hans Mathisen 3 parsellar Rosenlund. I 1907 vart parsellen br.nr. 6 Strand skyldsett ifrå og seld til Anton Løkke for kr. 2900,-. Året etter gav elles Anton Løkke forpaktningkontrakt på denne eigedomen til O. Penningrud.

Hovudbruket Hammerseng br.nr. 1, da av skyld 15,40 mark, vart i 1913 selt til Ingvald Hammerseng, og same året kjøpte Olaf Ruud gr.nr. 7 Nyvold av skyld 0,08 mark. Br.nr. 10 Veltkvandalen av skyld 0,12 mark vart i 1916 seld til Ole Nyløkken, br.nr. 12 tomt til Hammerseng Pensjonatskole av skyld 0,25 mark vart same året selt til frkn. Vinsnes & Olsen, og Sigm. Hammerseng kjøpte i 1919 br.nr. 20 Elvestad. Ein større parsell gr.nr. 53 br.nr. 27 Aurtun vart i 1924 kjøpt av fylkesgartnar G. Olstad, og Kristofer Olsen kjøpte samtidig br.nr. 28 Høgnæs. I 1934 hadde Kr. Olstad overtatt br.nr. 1 Hammerseng, da av skyld 11,62 mark, og Svein Hagen overtok samtidig br.nr. 49 tomt skyld 0,04 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 vorte ca. 50 br.nr. under gr.nr. 53 Hammerseng. Av desse mange bruksnr. var det likevel berre 5 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 53, br.nr. 1 Hammerseng med eit jordbruksareal på ca. 140 mål, som Kr. Olstad framleis var eigar og brukar av. b. br.nr. 2 Engen, areal ca. 10 mål, eigar: Berthe Engen, c. br.nr. 19 Granly, areal ca. 12 mål, brukar: Morten Svendsen, d. br.nr. 23 Sandheim, areal ca. 90 mål, eigar: P. Svarstad, e br.nr. 25 Hammermo, areal ca. 10 mål, som Sigurd Kalstad var eigar av.